Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 | Fylke: Vest Agder
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Åseral
Emne: Brynet | Bygdelag: Lognadalen
Oppskr. av: Gunhild Å. Smeland | Gard: Smeland
(adresse): Åseral | G.nr. 25 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bryne og å bryna.
2. Kunststein er det vanlege brynetre.
Bryni kom andrestader frå.
Thor Ljosland fødd 1865 hugsar ein kramkar som gjekk å selde „Lusebryne" der var nokre svarte prikkar i dei.
Han brukte å seia: „Dei er komne 3 alner or jorda attanfor nuten i Jarandsdalen." Og kring hundradårs skifte var det 2 frå Gyland Lars og Jakob Nydland som kom denne vegen og selde ferdig spøta sokkar og trøyor og for austyver til Telemark og kom att med bryner og selde.
No kjøper me dei av kjøpmennene.
3. Fyrr slipte dei rakeknivar og på stein.
Anund Eikemonen død for vel 30 år sidan, hadde ein slik liten fin-stein som han slipte rakeknivar på, no sliper ein dei ikkje.
Alle andre ting sliper me
4. Lars Gabrielsen Smeland född 1865 minnest bedstefar hans fortalde at dei hadde tynt ut ljåen med å

641

slå på den. Han hugsar ikkje han
fortalde korleis dei for åt eller kva
skil der var på slipeljå eller tynneljå
Det var kvar laurdag dei tynde den.
5. Han hugsar og eit stort langt
brynе - Senne heitte det. - Men han
brukte det aldri sjølv.
Dette tok dei med seg utyver slåttone
å knika ljåen på når den vart
tjukk i eggen.
Enno høver det at dei tek slipesteinen
med seg på utfjordsslått, fitar; der
som dei ligg eit stykke frå garden.
6. På heimslått kan ein slå heile
dagen med ein ljå; men på fiter
og anna finnslått må ein slipa
mange gonger.
7. No brukast berre eit slags bryne.
Til hundraårsskifte, ja sume brukte
det endå lenger, brukte dei eit til
laga trestykke „Ljåstikka." Den var
firkanta og spisa til i den eine enden
og eit rundt handtak i den andre.
Det skulde helst vera av gamall eik
for den er ikkje so tett i veden,
elles stakk dei og små holer i den og
knika inn fin sand. So lenge ljåen
var tunnslipt brukte dei berre ljå=
stikka, men når den vart tjukkare
brukte ein brynet fyrst og for etter
på med ljåstikka.
8. Ein tek av ljåen når ein sliper.
Det vilde vera ugreidt å slipa med i=
bunden ljå. Held eggen frå seg når ein sliper.

641

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9. Når ein bryner snur ein ljåorvet upp ned, set det litt på skrå mot jordi, so det kjem i passe högd med armane lik med vinstre hand ein med ljote på ljåen og let handa glida med etter som ein skrid fram med bryninga til ein sluttar i odden. Med ljåstikka byrjar ein i odden. Stuttorvet held ein fast millom knei med ein bryner.

10. No ber ein bryne i lumma.
„Hasteinskåp" heiter trekoppen som brynet var bore i fyrr. Det er eit utholа trestykke med ein jarnkrok upp i endan

11. Kan ikkje få spurt på noko slikt som okse eller kuhorn.

12. Det kunde vera so ymse kor dei bar koppen. Det vanlegaste var litt til högresida bak.
Det var festa anten i ei „livjord." (livreim) eller i bukselininga

13. Veter brynet med vatn eller spytt både naturstein og kunstein.
Trebryner brukast sand på.

14. Veit ikkje noko namn på det som kjem når ein bryner; men det som vert liggjande i „slipetrona" (ei slipetron) når ein har slipt heiter slipe-gojot

15. og 16 Kjenner eg ikkje noko til

17. Brynesteinen skulde verta mjukare når den låg nedgravd i jordi ei tid

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

18. Sodd (soll) og graut, sodd og graut heile dagen, sa Rustegards brynet

19. og 20. Veit eg ikkje nokå å svara på

NORSK

641



5, 62. 1946.

Einrett:
Anna Grostøl,
Stokke-Farsund.



5, 64. 1946.

Einrett:
Anna Grostøl,
Stokke-Farsund.



5, 66. 1946.

Einrett:
Anna Grostøl,
Stokke-Farsund.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dette naturbrynet som eg sender bilete av fann Anna Grostöl på heii på Sueland for eit par år sidan. Det målar 30 cm. langt og 21 cm. på det tjukkaste, so det er noko stort til å vera eit vanleg bryne, men kanskje noko lite til å vera „Sume" (eit sume)

Og so sender eg ei gamall ljåstikka som eg fann i gamalt skrot.

Sueland 19-6-47 Helsing

Gunhild A. Sueland

25/6. kom ljåstokka, blir dep. i landbruksmuseum.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

641